



Knut Willie Jacobsen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2260 - 19/9071

Saksbehandlar:

Madeleine Fonnes Aase

Madeleine.Fonnes.Aase@radoy.kommune.no

Dato:

05.06.2019

Byggesak Gbnr 43/39 Toska - tilbygg og altan - Ferdigattest

Delegasjonssak nr.: 144/2019

Administrativt vedtak. Saknr: 144/2019

Ansvarleg søkjar: Knut Willie Jacobsen

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 19.12.2017. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 14.05.2019.

Skildring

Adresse:	Toskavegen 500, 5936 Manger
Bygningstiltak:	Tilbygg og altan
Bygningsnummer:	176100664-1
Bruksareal:	Ca. 8,3 m ²
Avlaup:	Privat
Vatn:	Privat

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg og altan på gbnr 43/39.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.

Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt

innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/2260

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar Madeleine Fonnes Aase.

Med helsing
Silje Haukedal
konst. leiar teknisk forvaltning

Madeleine Fonnes Aase
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Knut Willie Jacobsen